



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

## Skjønnstildelinga i statsbudsjettet 2019

Vi viser til brevet vårt frå 13. juni i år om innspel til ordinære skjønnsmidlar.

Fylkesmannen tildeler årleg skjønstilskot til kommunane i Møre og Romsdal. I 2019 skal 64,7 millionar kroner fordelast. Ramma til Møre og Romsdal blei redusert frå 79,7 millionar i 2018 til 64,7 millionar for 2019. I kommuneproposisjonen for 2017 blei det foreslått ei gradvis utjamning av forskjellane i basisramma mellom fylka i landet. Sidan Møre og Romsdal låg godt over snittet til landet, er det grunnen til at ramma vert kutta.

Fylkesmannen har på bakgrunn av retningslinjene for skjønnstildelinga og innspel frå kommunane fordelt 61 430 000 kroner i statsbudsjettet for 2019. Ved å fordele nesten heile ramma, blir det meir forutsigbart for kommunane kva dei vil få av skjønnsmidlar det komande året og midlane kan leggest inn i budsjetta. Den kommunevise tildelinga er vist i vedlagde tabell.

Tildelinga er på følgande grunnlag:

- Kompensasjon DAA: Etter endringane i arbeidsgiveravgiftsonene, i retningslinjene for skjønnstildelinga og i oppbygginga av den fylkesvise skjønnsramma, har vi valt å gjere endringar i korleis vi kompenserer dette forholdet. På sikt vil vi behandle denne kompensasjonen etter same prinsippa som for øvrige forhold vi vurderer i skjønnstildelinga. Det vil seie at vi ikkje lenger vil ha ein tilnærma full kompensasjon for endringane i 2007. Vi vil trappe gradvis ned tildelinga vi tradisjonelt har hatt fram mot 2020.
- Språkdeling: Vi har gitt ein fast sum til dei kommunane som har ekstrautgifter knytt til språkdeling. Dette er tildelt kommunar som på grunn av kravet om begge målformer må opprette ekstra grupper i grunnskolen.
- Implementering av nasjonal rovviltpolitikk: Skadeførebyggande og konfliktdempande tiltak i regi av kommunen der aktuelle interesser er representert.
- Skyss av helsepersonell: Vi har gitt ein kompensasjon til dei kommunane som har særskilde utgifter til skyss av helsepersonell.

- Barnevern: Utgiftene knytt til barnevern, og spesielt til barn under omsorg, varierer mykje mellom kommunane. Vi kompenserer dei kommunane med dei største utfordringane i fylket. Vi har i utgangspunktet kompensert dei kommunane med eit uforholdsmessig høgt tal av barn under omsorg. Dette er vurdert opp mot andre kompensasjonsordningar.
- Ny kommune 2020: Disse midlane skal gå til innovasjon og utvikling i dei nye kommunane.
- Generell vurdering: Her har vi fordelt ein sum til kommunane til folkevaltopplæring ved kommunevalet i 2019.
- Spesielle saker: Her har vi kompensert både enkeltsaker og meir generelle utfordringar. Av spesielle enkeltsaker har vi kompensert:
  - 1502 Molde; 500 000 kr for sin regionsenterfunksjon, barnevernsvakta 1 300 000 og helseplattformen 1 000 000 kr.
  - 1504 Ålesund; har fått 500 000 kr for sin regionsenterfunksjon, barnevernsvakta 500 000 og helseplattformen 2 000 000 kr..
  - 1505 Kristiansund; har fått 500 000 kr for sin regionsenterfunksjon og 1 000 000 til helseplattformen.
  - 1516 Ulstein; 50 000 kr til regionkontakt for skole og barnehage.
  - 1519 Volda: barnevernsvakta 750 000 kr.
  - 1520 Ørsta: Arbeidet med skredvoll Vallabøen 2 600 000 kr.
  - 1525 Stranda: 1 250 000 til beredskap Geiranger og Stranda.
  - 1528 Sykkylven: barnevernsvakta 500 000 kr og 50 000 kr til regionkontakt for skole og barnehage.
  - 1548 Fræna: 50 000 kr til regionkontakt for skole og barnehage.
  - 1566 Surnadal: 250 000 kr til sikring og forsterkning ras.
- Ressurskrevjande tenestemottakarar: Utfordringane knytt til ressurskrevjande tenestemottakarar kan variere mykje mellom kommunane. Vi har gitt ein kompensasjon til dei kommunane som har høge utgifter til ressurskrevjande tenestemottakarar etter det øyremerka tilskotet gjennom toppfinansieringsordninga. Vi har også tatt høgde for ressurskrevjande tenestemottakarar over innslagspunktet i toppfinansieringsordninga, men som på grunn av alder (over 67 år) eller andre årsaker fell utanfor toppfinansieringsordninga og andre kompensasjonsordningar.

Kommunane i Møre og Romsdal har fått tildelt ei skjønnsramme for 2019 på kroner 64 700 000. Vi har i denne tildelinga fordelt 61 430 000 kroner. Det inneber at vi har heldt av 3 270 000 kroner.

Den kommunevise fordelinga går fram av vedlagde tabell.

### **Tildeling av restmidlar**

Kommunane i Møre og Romsdal har fått tildelt ei total skjønnsramme for 2018 på 79,7 millionar kroner. Restramma er på 24 068 000 kroner. Den resterande ramma skal gå til utvikling og innovasjon i kommunesektoren, forpliktande plan til kommunar i Robek og ein del går til generell vurdering.

Med hilsen

Rigmor Brøste  
ass. fylkesmann

Sissel Hol

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Vedlegg:

- 1 Kommunevis skjønnsramme 2019 - Møre og Romsdal